



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Postboks 2076
3103 TØNSBERG

Dato: 29.08.2024
Vår ref: 23/03113-6
Deres ref: 2023/5285

Fråsegn til høyring av verneplanar for Kringsås, Ånås, Storås, Heggeneset og Brokefjell i kommunane Midt-Telemark, Kviteseid og Seljord

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 4. juli 2024.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter naturmangfaldlova.

Fråsegn frå DMF

DMF ga fråsegn til melding om oppstart av verneplanprosessen for områda Kringsås, Ånås, Storås, Heggeneset og Brokefjell (tidlegare Brakandalen) 30. juni 2023.

I framlegg til verneplanforskrift ber Statsforvaltaren om innspel om betydninga av eit vern med omsyn til dei registrerte mineralførekomstane, og om vernegrenser slik dei er føreslått kan akseptrast.

DMF har vore i kontakt med Noregs geologiske undersøking (NGU) for å innhente meir informasjon om førekomstane.

Brokefjell naturreservat

I DMF sin fråsegn til oppstart opplyste vi om det føreslegne verneområdet sin berøring med dei registrerte mineralførekomstane Eiangstøl¹ og Einangsdalen². Vi forventa at det blei innhenta meir kunnskap om førekomstane med tanke på konsekvensar for mogleg tilgang på eigna mineralske ressursar og førekomstanes samfunnsmessige betydning.

¹ Eiangstøl: https://geo.ngu.no/api/faktaark/mineralressurser/vilmiNasOreOmr.php?objid=8491&p_spraak=N

² Einangsdalen: https://geo.ngu.no/api/faktaark/mineralressurser/vilmiNasOreOmr.php?objid=5443&p_spraak=N



NGU informerer om at kopar-registreringane Einangsdalen truleg svarar til ei gamal gruve og skjerp kor det var prøvedrift på 1800-talet. Forsøk på finne att gruva i 1961 var mislykka. Feltspat-registreringa Eiangstøl har det ikkje vore mogleg å finne meir informasjon om. Kvalitet og kvantitet på feltspaten ved Eiangstøl er ukjent men NGU skriv at det er svært få, om nokon, av pegmatittane i området som er av ein storleik som vil vere av interesse å utvinne i dag sjølv om kvaliteten skulle vere god nok. DMF vurderer derfor at førekomstane ikkje er til hinder for å gå vidare med verneprosessen. Det bør likevel gå fram av tilrådinga at informasjonen frå NGU ligg til grunn for vurderingane av verknadene av å opprette naturreservatet.

Kringsås naturreservat

I DMF sin fråsegn til oppstart opplyste vi om det føreslegne verneområdet sin berøring med koparførekomsten Ransvik³. Vi forventa at det ble innhenta meir kunnskap om førekomstane med tanke på konsekvensar for mogleg tilgang på eigna mineralske ressursar og førekomstanes samfunnsmessige betydning.

For førekomsten Ransvik opplyser NGU at det ikkje finst noko meir informasjon tilgjengeleg, og det derfor ikkje er grunnlag for å klassifisere førekomsten. DMF vurderer derfor at det ikkje finst informasjon som tilseier at det er vesentlege verdiar knytt til framtidig utvinning av førekomsten. Det bør gå fram av tilrådinga at det ikkje er funne informasjon som tilseier at det er viktige ressursar som påverkast av å opprette av naturreservatet.

Ånås naturreservat, Storås naturreservat og Heggeneset naturreservat

DMF hadde ikkje nokon merknadar til melding om oppstart av verneplanprosess for områda Ånås, Storås og Heggeneset naturreservat. Det har ikkje kome til nye registreringar av mineralske ressursar eller bergrettar i området sidan dette. DMF har dermed ikkje merknadar til høyringa av verneplan for desse områda.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Lars Libach
seniorrådgjevar

Arita Eline Stene
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Arita Eline Stene

³ Ransvik: https://geo.ngu.no/api/faktaark/mineralressurser/vislmiNasOreOmr.php?objid=5736&p_spraak=N



Mottakaras:

Statsforvalteren i Vestfold og
Telemark

Postboks 2076

3103 TØNSBERG

Kopi til: